



SOMMERKURS

 musikkorps.no

Musikkveka 2024

Stad: Sunnmøre Folkehøgskule, Ulsteinvik

Dato: 22.-28. juli 2024

Her kjem litt informasjon om kurset!



NMF
NORGES
MUSIKKORPS
FORBUND
Nordvest

Velkommen på Musikkveka 2024!

69 deltakarar er påmelde i skrivande stund på kurset. Vi gler oss til kjempeflotte dagar med mykje musikk og aktivitetar, og vi skal gjere vårt aller beste for at du skal få både trivelege og lærerike dagar!

Frammøte:

Sunnmøre Folkehøgskule, Ulsteinvik, mandag 22. juli mellom klokka 14 og 15.

Avslutningskonsert:

Avslutningskonsert på Sunnmøre Folkehøgskule klokka 13:00 søndag 28. juli.

Opphald:

Innquartering med sovepose / dyne i senger på to-, tre- og firemannsrom. Deltakarar frå same korps vil så langt som råd bli plassert på same rom.

Måltid:

Det vert servert tre måltid per dag: frukost, middag og kveldsmat. I tillegg lages det matpakke til lunsj kvar dag. Det er lov å lage ei ekstra matpakke om man trur man blir svolten i løpet av dagen. Det er tilsyn av vakse personale heile døgnet. Dagen de kjem er lurt å ha spist litt på førehand slik at ein ikkje blir svolten like etter kursstart.

Stab:

Musikalsk leiar for kurset er Idar Torskangerpoll og Preben Johansen. Leirsjef er Knut Fredrik Madsen og leirassistent er Mette Dahl Hansen.

Resten av staben er:

Fløyte	Marianne Hafsaas
Klarinett	Kariann Svensson
Saksofon	Lars Petter Bjerkeset
Kornett/ trompet	Preben Johansen og Ingri Grov
Horn	Mette Dahl Hansen
Tuba	Lars-André Gudmundset
Euphonium/baryton	Eirk Østenstad Sanner
Trombone	Idar Torskangerpoll
Slagverk	Jonas Evenstad

Fullmaktsskjema

Vedlagt ligg to fullmaktsskjema. Eit for faste medisinar og eit for film og bilde godkjenning. Er du over 18 år kan du fylle ut og signere skjemaet sjølv. Lever skjemaet i innsjekksranken når du kjem. Har du gløymt skjemaet har me nokon ekstra, evt. kan ein føresett sende ein sms av skjemaet til leirsjef Ingebjørg.

Spørsmål

Under kurset tar de kontakt med leirsjef Knut Fredrik Madsen 458 03 087.

I forkant av kurset når ein oss på kontoret til NMF Nordvest på: 982 41 164. Kontoret er stengt i 1.-14.juli.

Hugs og ta med

- Feilfritt instrument med tilhørende utsyr (muter, fliser etc.)
- Notestativ (hugs og merke med namn)
- Sovepose eller dyne/pute med dynetrekk, putetrekk og laken
- Skrivesaker
- Handkle
- Skrivebok
- Toalettsaker
- Personlege medisinar
- Treningskle/ joggesko (til fotball)
- Svart bukse og svarte sko til konsert
- Innesko
- Drikkeflaske
- Litt lommepengar til ein tur på butikken.

Dei som spelar slagverk tar med stikker, køller, øvingspad og skarptromme med stativ.



Reglement

1. Elevane pliktar til ein kvar tid å rette seg etter dei beskjedar som blir gjevne av personalet på leiren.
2. Alle fastsette frammøtetider, rosignal, vekke og etetider skal overhaldast.
3. Elevane skal møte i god tid før kvar undervisningstime slikk at dei er speleklare når timen tek til.
4. Elevane skal opphalde seg på skulen sitt område under kurset. Ingen må forlate skulen utan å gi beskjed til leirsjef/ assistent.
5. All bruk av alkohol og andre rusmidlar er forbode.
6. Det skal være ro på romma mellom 23.00 og 07.00.
7. Brot på reglementet kan føre til utvisning frå leiren utan tilbakebetaling av kursavgifta.

